

Ti

I Fylkeskonservatoren i Hordaland

Agnes Mowinckels gate 5,

5008 BERGEN



Restaurering av røykstove og stabbur frå Heggland, Tysnes

Underteikna er blitt kontakta av Olav Laukhammer, Stord, vedrørande restaureringa av omtala røykstove og stabbur. Laukhammer skriv følgjande i mail frå 29 mars 2016:

Tysnes muselag hadde ei røykstove og eit stabbur fra 1770. Dei hadde ikkje økonomi til å setje det opp.

Dei har gitt oss dette mot at me skal få det satt opp igjen.

Desse to husa er fra Heggland på Tysnes. Hegglandshusa som er ei røykstove og eit stabbur, vart bygde på 1770 - talet etter ein brann på tunet til Villum Håkonsen. Under brannen hadde den tidlegare røykstova, eit stabbur eg eit eldhus gått opp i flammer. Den nye røykstova hadde torvtak, ho vart bygd av rundtømmer og hadde ei forsval. Stabburet hadde to rom. Ljoren i taket hadde fire små glass og i gulvet var det luke ned til ein kjeller i stovehuset. Det var elles uvanleg på denne tida.

Huset har innskrevet eit årstal fra 1770-talet.

I nyare tid vart røykstova nytta til baking og korntørking.

Habil handtverkar

Sunnhordland museum kjenner til Olav Laukhammer som ein habil restaureringshandverker. I samband med at museet overdrog eit stabbur, som i si tid stod på eigedomen til Halsnøy Kloster, til Laukhammer. Han har restaurert og sett opp att det verneverdige bygget på ein svært tilfredsstillande måte.

Me er difor overtydd om at det er rette personen som har fått overta dei verneverdige bygga og vonar han kan bli tilgodesett med turvande midlar frå Fylkeskonservatoren sine «midlar til freda og verneverdige bygg».

Underteikna vil stå til rådvelde for tips og faglege innspel i samband med det føreståande arbeidet

Mvh

Bjørn Arve lunde

Bygningsvernkonsulent

Stord den 31 mars 2016